

SPESELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)

Tiltaksstrategi og retningslinjer

Perioden 2024-2027



NORD-FRON KOMMUNE




Lauvåsen på Sødorpfjellet

Foto: Borgny Sletten

Jf. delegeringsreglementet for Nord-Fron kommune vedteke i kommunestyret
21.06.2022 – sak 51/22 – delegert til kommunedirektøren.

Innhold

1 Formål.	3
2 Bakgrunn	3
3 Kommunale utfordringar, mål og aktuelle tiltak	3
3.1 Kulturlandskap	3
3.2 Biologisk mangfald	5
3.3 Kulturmiljø/kulturminne	6
3.4 Friluftsliv/tilkomst	7
3.5 Forureining (avrenning til vassdrag og kyst/utslepp til luft)	8
3.6 Plantevernmiddel	9
4 Fleirårige prioriteringar	9
5 Utfyllande retningsliner for SMIL, Nord-Fron kommune	10
6 Priser - SMIL 2024 for Nord-Fron kommune	14



Ferdig med kveldsmjølkinga på setra

Foto: Borgny Sletten

1 FORMÅL

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er ei nasjonal tilskottsordning. Formålet med SMIL er å fremme ivaretaking av natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket. Tilskott etter denne forskrifta skal gis til tiltak som går ut over det som kan forventes som ein del av den vanlege jordbruksdrifta. Bruken av tilskottssmidla skal prioriterast i samsvar med kommunale tiltaksstrategiar og årlege aktivitetsbudsjett.

2 BAKGRUNN

Jf. delegeringsreglement for Nord-Fron kommune, vedteke 21.06.2022, sak 51/22, er utforming av tiltaksstrategiane for SMIL-ordninga i kommunen delegert til kommunedirektøren. Kommunane skal i 2023 rullere kommunens tiltaksstrategiar som skal gjelde for perioda 2024-2027. Føringane for dette arbeidet er gjeve i regionalt miljøprogram for jordbruket i Innlandet 2023-2026.

Tiltaksstrategiar for 2024-2027 for Nord-Fron er utarbeidd av landbrukskontoret i Nord-Fron i samarbeid med landbruksnæringa i kommunen, representert ved Nord-Fron Bondelag, Kvikne Bondelag, Nord-Fron Bonde- og Småbrukarlag og Nord-Fron sau- og geitavlslag. Tiltaksstrategiane for 2024-2027 har vore sendt på høyring til Statsforvalteren i Innlandet og blir lagt fram som referatsak for utval for miljø, landbruk og areal (MLA).

Tiltaksstrategiar/retningsliner er forankra i:

- Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket (publisert i 2004, sist endra i 2020).
- Rundskriv 2021/18, Landbruksdirektoratet.
- Regionalt miljøprogram (RMP) for jordbruket i Innlandet 2023-2026.

3 KOMMUNALE UTFORDRINGAR, MÅL OG AKTUELLE TILTAK

3.1 Kulturlandskap

Utfordringar:

Kulturlandskap og beitebruk er i stadig endring og nye utfordringar oppstår i høve til å vedlikehalde dette. Nedanfor er det sett opp nokre punkt som ein i Nord-Fron ser som viktige. Punkta er ikkje sett opp i prioritert rekkjefølgje.

- Attgroing av marginale jordbruksområde og hamnlykkjer

I kommunen er det tydeleg at brattlendte beiteområde gror att og det same er tilfelle med dei mest marginale jordbruksareala. Dette omfattar fyrst og fremst areal som er dårleg arrondert og mindre areal. Utfordringane i høve til attgroing av jordbruksareal, særskilt innmarksbeiteareal ser ein også som eit utviklingstrekk i samband med at det blir færre føretak med beitedyr. I SMIL-samanheng er det aktuelt å bidra til tiltak som tek vare på gamal kulturmark, biologisk mangfald knytt til kulturmarka og eit ope eller særprega landskapsbilete. Det er vesentleg for å kunne gje tilskott at areala blir haldne i hevd gjennom aktiv bruk.

Nord-Fron kommune har i all hovudsak grovfôrbasert husdyrproduksjon og minimalt med kraftfôrbaserte næringar. Dei dominerande dyreslaga er storfe og sau. Aukande grad av spesialisering har ført til at færre og færre bruk har fleire dyreslag. Tilgang på godt vårbeite er ein minimumsfaktor på mange sauebruk. Gode innmarksbeiter er også ei mangelvare på mange bruk med storfe. Det er ei kjent sak at vekselbeiting med fleire dyreslag er gunstig m.a. i forhold til snyltarproblematikken, betre utnytting av beiteplantene, betre beite kvalitet m.m.

Dei aller fleste innmarksbeiter i Nord-Fron kan berre haustast i form av beiting. Areal nytta som vårbeite til sau blir ofte ikkje brukt den tida sauene går på utmarksbeite. Dermed blir graset for gammalt til sauene kjem ned frå fjellet. Mykje blir trakka ned, noko som resulterer i "dauing" neste vår. Vekselbeiting mellom bruk med storfe/hest og bruk med sau vil medføre mykje betre utnytting av tilgjengelege innmarksbeiter. Ei utfordring for å få til dette er gode nok gjerde til fleire dyreslag.

Frå kommunen har det ved fleire høve vore påpeikt behovet for å få til vekselbeiting mellom storfe og sau. Sjølv om næringa absolutt ser nytteverdien av slike tiltak, har ein ikkje lykkast med initiativet. Som eit positivt tiltak med omsyn til landskapspleie kan geit nyttast for å opne opp att kulturlandskapet.

- Attgroing av utmark og seterområde

Nord-Fron er ein stor seterkommune. Det er mange seterområde og dei fleste setrene ligg samla i setergrender. I 2023 var det 19 mjølkeprodusentar med tradisjonell setring i kommunen, av desse 1 seter med geit. Sjølv om utviklinga syner ein nedgang i tal mjølkeprodusentar som setrar i Nord-Fron, er kommunen likevel ein av kommunane i Innlandet med mest setring.

Seterområda i kommunen har ulike driftsformer og uttrykk. På einskilde seterstular er det store jorde (nydyrkingar) med ein vesentleg grasproduksjon. Noko beiting går føre seg her, men mykje av fôret blir hausta og køyrd ned til bygda. Andre seterområde har meir preg av beite og mindre bearbeidde jorde. Felles er at mange av setrane har tradisjonelle seterhus og inngjerda kveer.

Seterområda utgjer viktige delar av kulturlandskapet og da eldre setermiljø særskilt. I kommunen finst seterområde som er i ferd med å gro att.

Aktive seterstular blir oppfatta som positive innslag i fjellandskapet. For at seterstulane skal oppretthaldast, er det avgjerande at det er mjølk- eller kjøttproduksjonsbruk i bygda som aktivt nyttar setrane i sommarsesongen og opprettheld beitepresset i fjellet. Kulturlandskapet i bygda og på fjellet er dermed gjensidig avhengig av kvarandre for å kunne oppretthaldast. Dette er ein viktig samanheng, og framover vil det bli ei utfordring å halde oppe seterlandskapet.

- Utbyggingspress på verdifulle kulturlandskap

Kulturlandskapsverdiar må sikrast betre mot uheldige enkelttinggrep. Dette kan t.d. gjelde bygging av hytter i seterområde.

Her viser ein til arealdelen av kommuneplanen 2018-2029 for Nord-Fron, § 5 Landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF-formål):

§5.1 Utbygging i LNF-områda: *I LNF-områda er det berre lov med tiltak som er nødvendige for landbruk-, natur- og friluftsførmål, samt for næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag, jf. pbl § 11-7 nr 5 a.*

Vidare med bakgrunn i særlege natur- og seterområder, § 7.2 Soner med særlig angitt omsyn:

§7.2.1 Seterområder med særlege kulturlandskapsomsyn: *I områda Tjønnssetra, Hattdalssetra, Breistulen, Muvatnet, Strålvatnet, Flekkvatnet, Åkrevatna og Buøya i Kaldfjorden er det forbode å byggje på eller utvide eksisterande fritidsbustadar eller hytteeigedommar, jf. pbl. § 11-9 nr. 5.*

Målsettingar:

- Hindre attgroing av kulturlandskapet ved å halde i hevd jordbruksarealet.
- Stimulere til meir målretta bruk/skjøtsel av produksjons- og landskapsmessige viktige beiteområde (både i innmark og utmark).

Aktuelle tiltak:

- Stimulere til veksellbruk av innmarksbeite mellom bruk med ulike dyreslag.

Vesentleg for dette satsingsområdet er gode nok gjerde for både storfe, sau, hest og geit. Inngåing av 10-årige gjensidige avtaler om veksellbruk av innmarksbeite mellom bruk med ulike dyreslag, kan vere eit greitt utgangspunkt for å løyve tilskott til ny inngjerding.

- Ulike tiltak for å oppretthalde/stimulere bruken av setrane i området.

Areal i seterområde bør prioriterast i tråd med regionalt miljøprogram.

- Skjøtselstiltak (rydding og ev. inngjerding) av område både i innmark og utmark som kan gje gode beite for sau, storfe og geit.

I utmark er dette skjøtselstiltak som kan vere aktuelle som ei vidareføring av gjennomført beitekartlegging i kommunen, dette for å oppnå gode beite på meir avgrensa område.

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskott til følgjande tiltak:

- Tilskott til rydding/skjøtsel for å synleggjera kulturlandskapet.
- Tilskott til restaurering og istandsetting av setermiljø.

3.2 Biologisk mangfald

Utfordringar:

Det er ei utfordring å sikre at det biologiske mangfaldet blir ivareteke. På same tid dukkar det opp artar som ein ikkje ønskjer i miljøet. I høve til planta kjempespringfrø

har det vore gjennomført tiltak i form av plukking/destruksjon og utarbeidd eit hefte som er lagt ut som informasjon i gartneri og på landbrukskontoret.

Når det gjeld beitekartlegging så er alt beiteareal aust for Lågen kartlagt i Nord-Fron. Dersom det kjem innspel frå beitenæringa kan det vere aktuelt med beitekartlagt vest for Lågen i kommunen. Omfanget av beitekartlegging vil vere avhengig av graden av finansiering.

Dei ulike kartleggingane som er utført i Nord-Fron kommune er eit godt grunnlag i den kommunale arealforvaltninga for å arbeide med saker som gjeld biologisk mangfald.

Målsettingar:

- Ivareta og sikre det biologiske mangfaldet i kommunen.

Aktuelle tiltak:

- Sikre gode forhold for beiting med husdyr.
- Stimulere til beiteavtaler der det er påvist raudlistearter (t.d. beitesopp) som er avhengig av beitedyr (aktuelt på innmarksbeiteareal/hamnlykkjer).
- Informasjonstiltak, fagdagar/fagmøte.
- Beitekartlegging

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskott til følgjande tiltak:

- Tilskott til restaurering av artsrik kulturmark.
- Tilskott til etablering av biotopar i jordbrukslandskapet og breiare kantsoner mot vassdrag.
- Tilskott til bekjemping av uønskte artar (t.d. kjempespringfrø).

3.3 Kulturmiljø/kulturminne

Utfordringar:

- Nyare tids kulturminne

Alle tiltak ut over vanleg vedlikehald på bygningar frå før 1850, skal meldast til kulturminnestyresmaktene i Innlandet fylkeskommune.

- Restaurering av verneverdige hus

I Nord-Fron kommune er det mange gamle og verneverdige bygg. Det er viktig å ta vare på den gamle byggeskikken og sikre/ivareta bygningsmassa. Dette gjev store utfordringar til eigarane og omfattar ulike bygningar både på garden og på setra. SMIL-ordninga er heilt avgjerande for å få restaurert og vedlikehalde mange av dei gamle og verneverdige bygningane. Over år har ein stor andel av SMIL-løyvingane gått med til dette føremålet.

Utfordringane er spesielt store for dei gardbrukarane som har fleire gamle og verneverdige bygningar. Freda bygningar er ikkje tilskottsberettiga.

Målsettingar:

- Sikre og ivareta verneverdige bygningar.
- Ei større allmenn forståing for eldre bygningskultur som kulturhistorisk uttrykk, førebilete for god byggjeskikk og for tradisjonelle og nye bruksområde for gamle bygningar.

Aktuelle tiltak:

- Sikring gjennom bruk

Stimulere til meir aktiv utnytting av eldre bygningsmasse som tek vare på bygningen sin kvalitet.

- Gardstun og seterområde/seterstular som har fleire gamle og verneverdige bygningar, blir prioritert. Føresetnaden for dette er at gardsanlegget/gardstunet er som ein del av den ordinære landbruksdrifta.

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskott til følgjande tiltak:

- Tilskott til restaurering av verneverdige bygningar.
- Tilskott til restaurering/istandsetting av setermiljø.
- Tilskott til mindre driftstiltak på setrar med mjølkeproduksjon.
- Tilskott til sikring, istandsetting og tilrettelegging av andre kulturminne som t.d. gamle «gråsteinsmurar».

Nord-Fron har kommunalt landbruksfond. Det har vore løyvd tilskott frå fondet til mindre driftstiltak på setrar med mjølkeproduksjon. Kommunen ser det som svært viktig å stimulere til at denne driftsforma blir oppretthalde og vidareført.

3.4 Friluftsliv/tilkomst

Utfordringar:

På grunn av eit mindre tal beitedyr i utmarka er det ei utfordring å halde oppe gamle stiger/råk/ferdselsvegar som er/var nytta til jordbruksproduksjon. Einer og vier veks opp, slik at gamle råk som beitedyra tidlegare nytta, nå ikkje lenger er farbare sjølv for beitedyra.

Målsettingar:

- Det er eit mål å i størst mogleg grad kunne halde oppe og vedlikehalde gamle stiger/råk og ferdelsvegar knytt til jordbruksdrift.
- Sikre tilkomst og ferdelsmoglegheiter langs vatn og elver.

Aktuelle tiltak:

- Stimulere til rydding og vedlikehald av gamle stiger/råk og ferdelsvegar med tanke på jordbruksdrift.

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskott til følgjande tiltak:

- Tilskott til rydding og vedlikehald av gamle stiger/råk og ferdselsveger knytt til jordbruksdrift.

3.5 Forureining (avrenning til vassdrag og kyst/utslepp til luft)

Utfordringar:

Nord-Fron har om lag 25% av tilgjengeleg fulldyrka jord i fjellområde. Dette er både seterkveer og dyrkingsfelt som ligg langt unna garden. Store transportkostnadar og tidspress gjer at stadig mindre andel av tilgjengeleg husdyrgjødsel blir nytta på desse areala. Ved å etablere mellomlager for husdyrgjødsel i lagerkum ved dyrkingsfelt / seterkve så vil dette stimulere til meir miljøvenleg bruksmåte av husdyrgjødsel på garden.

Gjennom SMIL-ordninga kan det gjevast tilskott til gjennomføring av tiltak som bidreg til å hindre eller redusere forureininga frå jordbruket. I Regionalt miljøprogram for Innlandet 2023-2026 er eit av føremåla å stimulere til gjødslingsmetodar som gir redusert utslepp av ammoniakk og lystgass til luft.

Det kan vere aktuelt å setja inn ulike tiltak for å hindre avrenning frå permanent utedrift av husdyr (både storfe og sau) og lagringsplass for rundballer.

Informasjon omkring handtering av landbruksavfall og "oppryddingsaksjonar" av ulike slag vil alltid vere aktuelt.

Nytt problemområde etter uværet *Hans*, er massetransport i sideelver/ bekker som har medført mindre plass til vatnet på vollane mot Gudbrandsdalslaugen. Dette medfører større fare for erosjon og tap av matjord/ næringsstoff frå jordbruksareal langs sideelver/ bekker sjølv under «vanlege» vårflaumar. Godkjente planer for sikring/ masseuttak kan støttast gjennom SMIL-ordninga.

Målsetting:

- Drive eit jordbruk som tek vare på produksjonsgrunnlaget og naturmiljøet med minst mogleg skadelege utslepp til vatn og luft.

Aktuelle tiltak:

Tiltak som kan gjennomførast i høve til forureining:

- Vegetasjonsbelte mot vassdrag.
- Rydding av trefang i bekkeløp/ sideelver
- Fangdammar.
- Sikringstiltak for å førebygge erosjon/ tap av matjord og næringsstoff.
- Miljøvenleg bruksmåte av husdyrgjødsel.
- Førebyggje avrenning frå permanent utedrift med husdyr.
- Etablering av trygg lagringsplass for rundballer.

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskott til følgjande tiltak:

- Tilskott til erosjonsførebyggjande tiltak.
- Tilskott til etablering av fangdammar.
- Tilskott til tiltak som førebyggjer avrenning frå permanent utedrift med storfe og sau.
- Tilskott til tiltak som førebygger avrenning og forureining frå rundballelager.

Tidlegare prioritert tiltak for meir miljøvenleg bruksmåte av husdyrgjødsel ved etablering av lagerkum ved seter/dyrkingsfelt har ikkje vorte omsøkt i perioda og er difor ikkje eit prioritert tiltak.

Ein visar til tilsvarande ordning hos Innovasjon Norge:

For lager for husdyrgjødsel og biorest kan det gis tilskudd inntil 25% avgrenset til 250 000 kroner. For investering i felleslager/-anlegg er øvre grense for tilskudd 200 000 kroner pr landbrukseiendom som deltar i felleslageret/ anlegget.

3.6 Plantevernmidde

Utfordring:

Ut frå det ein er kjent med har ein inntrykk av at det er nytta minst mogleg sprøytemiddel innan jordbruket i kommunen. Dette samsvarer med attendemeldingar både frå faglaga og Norsk Landbruksrådgiving (NLR). God jordarbeiding, her pløying er viktig for å redusere behovet for plantevernmidde.

Målsetting:

- Drive eit jordbruk som tek vare på produksjonsgrunnlaget og naturmiljøet med bruk av minst mogleg plantevernmidde.

Aktuelle tiltak:

- Støtte utprøving av alternative metodar for bekjemping av skadegjerarar.

For å oppnå målsettinga kan det løyvast tilskott til følgjande tiltak:

- Støtte utprøving av alternative metodar for bekjemping av skadegjerarar.

4 FLEIRÅRIGE PRIORITERINGAR

Innafor SMIL-ordninga er hovudområda i Nord-Fron kommune kulturlandskap, kulturmiljø/kulturminne og forureiningstiltak.

Kulturlandskap: Over fleire år har det vore prioritert å løyve tilskott til søknadar som omfattar rydding av gamal kulturmark, anten attgrodde hamnlykkjer/ innmarksbeiteareal eller seterområde. Det blir vurdert som svært viktig å halde oppe og ivareta kulturlandskapet på ein best mogleg måte. I samband med at det har vore løyvd SMIL-midde til rydding av einer og kratt har det også vore løyvd midde anten til vedlikehald av gjerde eller oppføring av nytt gjerde.

Kulturmiljø/kulturminne: Omfattar t.d. restaurering/ sikring av verneverdige bygningar. Kommunen har kvart år mange relevante og gode søknader i høve til restaurering av verneverdige bygg. Ein stor andel av SMIL-potten har vore løyvd til restaurering av verneverdige bygningar (stabbur, tømmerlåver, smier, seterfjøs, sel m.m.).

Vilkår for restaureringsarbeidet er at det skal gå føre seg etter antikvariske prinsipp og at den opphavlege, gamle byggjeskikken skal bli ivareteke. I regionen er det fleire byggfaglege miljø med svært god kompetanse innan feltet. Frå kommunen si side blir det oppmoda om å nytte bygningsvernrådsgjevar v/ Gudbrandsdalsmusea i arbeidet med restaurering av verneverdige bygg, dette som fagleg bistand.

Det blir synt stor interesse blant eigarane av slik bygningsmasse til å ivareta bygningane, men dette er kostnadskrevjande. Det er viktig å setja fokus på kulturlandskap som framstår som heilskaplege og unike.

Forureiningstiltak: I *Regionalt miljøprogram for Innlandet 2023-2026* er det auka fokus på klimagassutslepp frå jordbruket. Ved å prioritere tiltak for å stimulere til redusert utslepp til vassdrag/ utslepp til luft frå jordbruket så vil ein oppnå meir miljøvennleg bruk av husdyrgjødsel.

Ved stor søknadsmengde vil prioritering av tildelt ramme bli fordelt med 1/3 på kvart av hovudområda.

5 UTFYLLANDE RETNINGSLINER FOR SMIL, NORD-FRON KOMMUNE

Generelle krav

Krav til søkjaren

Frå og med 2020 kan også personar som eig ein landbrukseigedom søkje om tilskot. For å få innvilga SMIL-tilskott må det foregå ein tilskottsberettiga produksjon på landbrukseigedommen. Dersom søker ikkje eig landbrukseigedommen som tiltaket skal gjennomførast på, må det legges ved skriftleg løyve av eigar til å gjennomføre tiltaket.

Søknadsbehandling og søknadsfrist

Søknaden skal sendast inn digitalt med innlogging via ID-porten/Altinn. Alt etter kva tiltak som blir omsøkt skal det hovudsakleg leggjast ved kart, bilete, kostnadsoverslag (frå bygningskyndig), grunneigaravtaler, beiteavtaler m.m. Vedtak om tildeling av tilskot vert fatta av kommunen. Vedtak fatta av kommunen kan klagast inn til fylkesmannen jf. forvaltningslova.

Søknadsfristen er 15. april.

Landbrukskontoret kan bistå med søknaden.

I søknadsbehandlinga vil søknader som omfattar t.d. rydding av kulturlandskapet (hamnlykkjer/innmarksbeiteareal) bli behandla fyrst ev. også andre saker der det syner seg at det er viktig å koma i gang med tiltaket så raskt som mogleg.

Det blir årleg informert om tilskottsordninga (SMIL) i ei informasjonsbrosjyre frå landbrukskontoret som blir sendt til alle jordbrukarar i kommunen. Informasjon om tilskottsordninga ligg også på heimesida til kommunen.

Krav til kostnadsoverslag og finansieringsplan

For søknader om tiltak som restaurering og vedlikehald av gamal kulturmark, og oppsettingav gjerde, kan det brukast faste kostnadssatsar. I spesielle tilfelle kan det vera rom for fagleg skjøn og tilpassing til naturgjevne tilhøve.

Ved omfattande restaureringstiltak vil ein tilrå at firma med god kompetanse og erfaring med restaurering av gamle bygningar blir brukt til både planlegging og gjennomføring av restaureringa. Dette utelukkar på ingen måte eigeninnsats av søkjaren.

Bruk av fleire tilskottsordningar

Ved bruk av fleire tilskottsordningar for same tiltaket skal den totale tilskottsprosenten normalt ikkje overstige 50%. Dersom det viser seg etter melding om vedtak, at den samla tilskottsprosenten til eit enkelt tiltak er over 50% vil tilsagnet om SMIL-midlar kunne avkortast. (Dette gjeld t.d. ved tiltak der søker har fått innvilga midlar både frå Kulturminnefondet og frå SMIL-ordninga).

Arbeidsfrist

Vanleg arbeidsfrist for SMIL-tiltak er 3 år. Fristen kan forlengast med inntil 2 år ved skriftleg søknad.

Spesielle krav

Der det er relevant, blir omsøkte tiltak vurdert i høve til §§ 8-12 i Lov om naturmangfald, kulturminne (Askeladden) og Naturbase. Ved restaurering av verneverdige bygg blir søkjarane oppmoda til å kontakte bygningsrådgjevar/ Gudbrandsdalsmusea.

Kulturlandskap

- Rydding av kantsoner mot innmark (slåtteareal) blir nedprioritert i forhold til fysisk adskilte areal.
- Areal med «tømmerført» virke som kan gi netto økonomisk utbytte ved hogst, blir nedprioritert. Ved tvil skal vurdering frå skogbruksansvarleg i kommunen leggast til grunn.
- I SMIL-saker der gjerdekostnader er ein del av totalkostnaden, skal omsøkt areal vera ferdig rydda, før tilskott til gjerding kan utbetalast.
- Rydding av gjerdertrase inngår i gjerdekostnaden.
- SMIL-søknad frå foretak der dyrehaldet blir avvikla mellom søknadstidspunkt og 3 (5-års)-fristen:
 - 10-års avtale om bortleige av ferdig rydda areal til foretak med beitebasert dyrehald skal ligge ved ferdigrapporten.

- Areal som det blir søkt PT/RMP-tilskott på, blir nedprioritert ved søknad om ryddetilskott.

Tilskott blir berekna ut frå fast sats pr. dekar rydda areal og pr. meter gjerde.

Kulturminne

Hovudprinsipp:

- Ta vare på mest mogleg av kulturminnet sine opprinnelege element.
- Foreta så få forandringar som mogleg; reparasjonar framfor heil utskifting.
- Bruke tradisjonelle, stadeigne materialar, håndverksteknikkar og fargar.
- Omfattar i hovudsak utvendig restaurering av bygningar.

Seterhus som i hovudsak nyttast til ferie og fritid, bolighus og kårbolig - lågare støttesats enn bygningar som det ikkje er så vanleg å ta vare på. Verneverdige hus som blir kjøpt og flytta blir nedprioritert i forhold til bygningar som står på sin opprinnelege plass.

Søknaden skal innehalde:

- Kart over området som viser plassering av bygningen.
- Løyve om tekniske tiltak (byggeløyve m.m.). Gjeld alle bygg uansett omfang.
- Ved behov kan kommunen krevje tilstandsrapport som viser bygningens verneverdiar (m.a. alle opphavlege element), både ute og innvendig.
- Beskriving av planlagte tiltak frå bygningskyndig dersom tilstandsrapport ikkje blir kravd.
- Samla kostnadsoverslag basert på planlagde tiltak. Kostnadsoverslaget bør vere splitta på hovudområda for planlagde tiltak.
- Finansieringsplan for heile prosjektet.
- Opplysningar om framtidig bruk

Godkjent kostnadsoverslag eks. mva blir lagt til grunn for alle aktuelle ovannemnde tiltak.

Tiltak mot forureining

Kvar enkelt godkjente plan for sikring/ masseuttak blir vurdert i kvart enkelt tilfelle. Fellestiltak heilt til elv-/ bekkeutløp blir prioritert framfor enkelttiltak.

Ved etablering av lagerkum for husdyrgjødsel visar ein til tilsvarende ordning hos Innovasjon Norge:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-12-19-1816>

Satsar for tilskot - tilskot til ulike tiltaksgrupper

Forskrifta opnar for å gje inntil 100% tilskott til planleggings- og tilretteleggingstiltak, og til særskilte tiltak for å ivareta biologisk mangfald.

Rydding av innmarksbeite – fast sats pr. dekar.

Elles blir det vist til side 14 for fullstendig oversikt over faste prisar/tilskott for ulike tiltak.

Arbeidsfrist

Arbeidsfristen er i utgangspunktet 3 år. Jf. SMIL-forskrifta kan kommunen løyve inntil 5-års arbeidsfrist for gjennomføring av tiltaket.

Krav til rekneskap/rapport

Saman med anmodning om utbetaling skal det leverast sluttrapport med rekneskap på gjennomført tiltak.

Rapporten skal innehalde:

- ein tekstdel der det blir gjeve ei kort omtale av kva som er utført.
- bilete av tiltaket
- utskrift av hovudbok attestert av rekneskapsførar eventuelt kopi av faktura der mva. er spesifisert.
- oversikt over eigeninnsats/timelister, bruk av eigen traktor m.m. skal leggest ved rapporten.

Anmodning om utbetaling sendes inn digitalt via Altinn. Kontakt landbrukskontoret dersom det er behov for bistand med sluttrapport/ utbetalingsanmodning.

Kommunen kan gjennomføre synfaring i samband med at tiltaket er slutført. Som hovudregel skal synfaringa gjennomførast før sluttutbetaling av tiltaket.

Kommunen kan betale ut inntil 75% av tilskottet etter kvart som tiltakshaver har dokumentert utgifter til godkjent tiltak. 25% av tilskottet kan likevel ikkje betalast ut før arbeidet er ferdiggodkjent.

Sluttgodkjenning / sluttutbetaling kan skje fyrst når arbeidet er ferdig og sluttrapport, oversikt over eigeninnsats/timelister og rekneskap med dokumentasjon er lagt fram. Dersom kostnadene blir lågare enn medrekna, kan tilskottsbeløpet bli justert ned. Utbetalinga blir knytt opp mot kvart enkelt deltiltak.



Foto: Borgny Sletten

6 PRISER – SMIL 2024 FOR NORD-FRON KOMMUNE

Tiltak	Kostnad pr. eining	Tilskott %	Tilskott kr.	Merknad
Rydding av beite	3000 kr/dekar	40	1200 kr/dekar	Fast sats pr. dekar
Permanent nettingjerde med overtråd/ toppbord inkl. rydding av gjerdetrasè *	180 kr/meter	30	63 kr/meter	
Pemanent strømgjerde med tre tråder *	70 kr/meter	30	21 kr/meter	
Reparasjon av eksisterande gjerde *				Vurdering av kostnad/tilskott ved kvar søknad
Muring, steingjerde, gjenoppbygging		35	600 kr/meter ved full gjenoppbygging	Vurdering av kostnad/tilskott ved kvar søknad
Erosjonsførebyggande tiltak	Kostnadsoverslag som berekningsgrunnlag maks 1 mill kr.	50		Vurdering av kostnad/tilskott ved kvar søknad
Stigrydding	6 kr/meter	50	3 kr/meter	
Restaurering av seterhus	Kostnadsoverslag som berekningsgrunnlag	30		
Restaurering av våningshus, kår/ hus til utleie	Kostnadsoverslag som berekningsgrunnlag	30		
Restaurering av andre bygningar	Kostnadsoverslag som berekningsgrunnlag	50		Utløer, stabbur, koier m.m. hus som ikkje er i dagleg bruk

* Tilskott til gjerde blir gjeve kun i samband med beiterydding.

Maksimalprisar som kan godkjennast til eige utført arbeid (ikkje fakturerte utgifter)

Manuelt arbeid	Kr. 450/time
Traktor med event. utstyr inkl. førar	Kr. 900/time
Gravearbeid med eige gravemaskin	Kr. 1000/time

Alle beløp er ekskl. mva.

Alle tiltak der kostnadsoverslag er berekningsgrunnlag skal framlegge rekneskap.